



Særutskrift frå Hardangerrådsmøte 16.02.2017

HR-sak

05/17 Uttale frå Hardangerrådet vedr. akuttkirurgisk beredskap ved Odda sjukehus

Regionrådet drøfta utkast til uttale. Denne var utdelt til regionrådsmedlemmene tidlegare på dagen.

Varaordførar Aslak Læreid, Eidfjord kommune hadde ikkje høve til å vera med på møtet, men hadde i forkant gjeve sin tilslutnad til ordlyden i uttalen.

Vedtak:

Regionrådet støttar uttale vedr. akuttkirurgisk beredskap ved Odda sjukehus og ber om at denne vert oversendt til Helse Vest og Helse Fonna.

«Utkast til Uttale:

Me er invitert til å gje uttale til prosjektrapport vedkomande Odda sjukehus i ljøs av den nasjonale helse og sjukehusplanen. Stortinget har stilt særskilde vilkår til å ta omsyn til geografi, værtilhøve m.v. i høve akuttkirurgisk beredskap.

Det er sterke anbefalingar om at pasientar som ikkje når traumesenter innan 45 minutt skal koma til sjukehus med akuttkirurgisk beredskap. Ved akutte hendingar har om lag heile opptaksområdet lenger tid til traumesenter enn dette ved gode værtilhøve. I dei fleste høve vesentleg lenger transporttid. Samt svært lang transporttid ved dårlege værtilhøve og evt. stengde/rasfarlege vegar.

Hardanger er prega av å vera særleg overrepresentert med omsyn til stengde vegar. Som det går fram av prosjektarbeidet er det få - om nokon - opptaksområde som har så krevjande utfordringar med manglande flyvær og stengde/rasfarlege vegar. Avstandane til næraste alternative sjukehus er store. Me kan ikkje akseptera ei sentralisering der lokalsjukehusa misser akuttkirurgisk beredskap.

Det skal vera likeverdig helsetilbod i Noreg. Då må Odda sjukehus ha fullverdig beredskap med akuttkirurgi døgnet rundt som i dag. Tek ein bort den kirurgiske akuttberedskapen er vi redd andre tilbod ved sjukehuset vil forvitra.

Me meiner at den akuttkirurgiske beredskapen reddar liv og helse. Ved ei eventuell fjerning av akuttkirurgi må nokon ta tydelig ansvar for konsekvensane.

For Odda sjukehus er det ei delt tilråding frå prosjektgruppa. Der alle arbeidsgruppene og dei fleste i prosjektgruppa (11 av 15) har konkludert med å oppretthalda kirurgisk akuttberedskap. Me er glade for at prosjektgruppa i hovudsak konkluderer tydelig med at det akuttkirurgiske døgntilbodet i Odda er robust og må vidareførast. Dette må Helse Fonna og Helse Vest slutta seg til.

Samandrag/ konklusjon:

Oppretthald akuttkirurgisk døgneredskap ved Odda sjukehus.»